

Saksbehandlar: Eirik Hansson Hamre, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 14/1565-2

Revidert utviklingsplan for pedagogisk-psykologisk teneste for vidaregåande opplæring 2014-2017

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Utviklingsplanen vert vedteken som framlagt.
2. Planen skal evaluerast og rullerast innan desember 2017
3. Iverksetjing av kostnadskrevjande tiltak i utviklingsplanen må skje igjennom budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Vedlegg:

Revidert utviklingsplan for pedagogisk-psykologisk teneste for vidaregåande opplæring 2014-2017

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Høyringsfråsegner. Uprinta vedlegg.

SAKSFRAMSTILLING

Hovudutval for opplæring vedtok i sak 38/09 Utviklingsplan for pedagogisk-psykologisk teneste for vidaregåande opplæring 2010-2012. Denne planen er no revidert. Utviklingsplan for pedagogisk-psykologisk teneste for vidaregåande opplæring 2014-2017 byggjer på erfaringane med førre plan og er oppdatert i høve endringar i opplæringslova med forskrifter.

Revidert plan byggjer på God-betre-best!; Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012 til 2015.

Delmål

- Pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn og Fjordane har høg kvalitet på tenestene sine, både på individ- og systemnivå.
- Pedagogisk-psykologisk teneste har kompetanse og kapasitet som samsvarar med brukarane sine behov.
- Pedagogisk-psykologisk teneste er organisert på ein måte som sikrar brukarane høg kvalitet og nærleik til tenestene.

Ei referansegruppe med deltakarar frå pp-tenesta, vidaregåande skule, opplæringskontor og frå fylkesdirektøren har bidrege i arbeidet med revisjonen.

Som grunnlag for planen har det mellom anna vore sendt ut spørjeskjema til alle dei vidaregåande skulane i fylket, alle pp-kontor som har arbeidsoppgåver knytt til vidaregåande opplæring, opplæringskontora og Sygna vidaregåande skule. Kort oppsummert viser tilbakemeldingane at det er ønske om meir fokus på det systemretta arbeidet og at det er behov for eit tettare samarbeid med og lettare tilgjengelegheit til pp-tenesta. Det er òg ønske om auka innsats og betre fagleg rettleiing retta mot minoritetsspråklege elevar og lærlingar. Fleire pp-kontor ønskjer større deltaking i skulane sitt arbeid med utviklingsplanar.

Utviklingsplanen legg opp til å styrke det systemretta arbeidet i Pp-tenesta.

Utviklingsplanen har vore på høyring til dei vidaregåande skulane i fylket, opplæringskontora, PPT-kontor som arbeider opp mot vidaregåande opplæring og samarbeidskommunar der fylkeskommunen eig og driv pp-tenesta, Leikanger, Vik, Sogndal, Eid og Vågsøy.

Det har kome inn 6 høyringsfråsegner. Desse omtalar punkt som knyter seg til kompetansebehov og auka fokus på systemretta arbeid. Fråsegnene er tekne til vitande og ligg i fylkesdirektøren sitt framlegg til revidert plan.